



Lindås Tomteselskap A/S  
Hagellina 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1138 - 16/11171

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
26.04.2016

## Gbnr 185/116 Felt H i Knarvik. Løyve til deling.

Eigedom: Gnr.185 bnr.116 veg og infrastruktur i Felt H  
Adresse for eiged.: Hagellia 4, 5914 Isdalstø  
Type tiltak: Deling av grunneigedom  
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap AS  
Søker: Lindås kommune.

### Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap eig gbnr 185/116. Dette er areal som i hovusak er nytta til vegar og teknisk infrastruktur i Felt H i Knarvik. Heile eigdommen har eit areal på 53,9da i følge gårdskartet over eigdommen. I eigdommen ligg ein liten parsell på 1,8da. Dette er skog av høg bonitet. Parsellen ligg nedan for «Dampen» og grenser til denne eigdommen.

Parsellen grenser elles til gbnr 185/277 som også er eigd av Lindås Tomteselskapet. Eigdommen ligg i Felt H, men er sett av til friområde. Gbnr 185/277 har eit samla areal på 51,8da og består av skogsmark av høg og middels bonitet, dessutan grunnlendt uproduktiv skogsmark og noko myr.

Parsellen på 1,8da som skal delast frå 185/116 skal føyast saman med 185/277. Resten av 185/116 skal overførast til Lindås kommune i samsvar med pkt.5 og 6 i Utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og Lindås Tomtelag L/L datert 30.august 1979.

### Planstatus/dispensasjonar:

Alt areal som denne saka gjeld, ligg i regulert område. Dispensasjon er ikkje naudsynt. I gjeldande plan er parsellen på 1,8da som skal overførast til 185/277 markert som grøn – det vil seie som friområde. Dette er same planstatus som for 185/277. Deling vert såleis til uendra bruk.

### Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Deling fører ikkje til endring av tilhøva når det gjeld veg, vatten og avløp.

### Uttale frå andre mynde:

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

### VEDTAK:



Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 1,8da skogsmark frå gnr.185 bnr.116 for å overføre arealet til gnr.185 bnr.277. Arealet skal nyttast til friareal i samsvar med gjeldande plan. Parsellen skal føyast saman med 185/277.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§20-1 og 26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjønn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av 1,8da skogsmark for å overføre arealet frå gbnr 185/116 til gbnr 185/277. Parsellen skal framleis ligge som grønt areal i reguleringsplanen. Deling og overføring er til uendra bruk.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke i desember 2015, gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, grenser ikkje fastsett i plan kr.6900,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda, jf.§§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap A/S

Hagellina 4

5914

ISDALSTØ